

# Byggjer husvære som også ung skal ha råd til å kjøpa



NYTT, LEKKERT OG BILLIG: Tysnes Bolig har planar om å bygge rimelege husvære for ungdommar i Vågsmarka.

**Tysnes Bolig byggjer ikkje bustader for å tene mest mogleg pengar. Det viktigaste er å få tilflyttarar til Tysnes kommune.**

– Filosofien vår er at me skal byggja bustader som vanlege folk har råd til å kjøpa, seier Trond Tvedt i Tysnes Bolig.

Sidan selskapet vart starta i 2007, har dei vore aktive med å byggja bustader i fleire byg-

der på Tysnes. For tida har dei ikkje mindre enn 23 prosjekterte bustader på gong her i kommunen.

– Då snakkar me godt ut i 2013 før me vert ferdige, så me har nok å hengja fingrane i.

#### Vil ha tilflyttarar til Tysnes

Drivkrafta bak arbeidet til Tysnes Bolig, er ikkje nødvendigvis profit i kroner og øre. Ei like viktig drivkraft er den

menneskelege profitten.

– Å få opp folketaket her i kommunen er svært viktig. Me ynskjer å skapa vekst på Tysnes, og skal me få folk til å flytta hit, må dei ha ein stad å bu, fortel Tvedt.

Han viser fram tomta i bygjefeltet på Kattaland der Tysnes Bolig har planlagt å byggja ein tremannsbustad og ein tomannsbustad. Fleire interesserte har allereie meldt

seg. Tomta ligg flott til med utsyn over Lunde.

På nabotomta driv seks mann frå Tysnes bolig og gjer ferdig ein firemannsbustad. Her er alle husværa selde, og dei første kjøparane flytta inn i byrjinga av juni.

#### Bustadar for vanlege folk

– Noko me har lært oss etter kvart, er å finna fram til den rette miksen av husvære. Det

er mange unge med tilknyting til kommunen som ynskjer å flytta attende og etablira seg på Tysnes. I tillegg er det mange eldre som er på jakt etter eit meir lettstelt husvære, seier Tvedt.

Erfaring Tysnes Bolig har samla seg, gjer at dei også veit kva bustadtypar det er etter-spurnad etter på den lokale bustadmarknaden.

– Tradisjonelt har det vorte

## Får byggja 3-mannsbustad i Vågsmarka



FÅR LØYVE: Tysnes Bolig AS får dispensasjon fra reguleringsplanen for Vågsmarka II for å byggja 3-mannsbustad i området ovanfor Svevågen og gang- og sykkelvegen.

**Tysnes Bolig AS får byggja 3-mannsbustad i den eldste delen av Vågsmarka, trass i nabo-protestar. Det vedtok politikarane i landbruk/teknisk i sist møte.**

Tomta som Tysnes Bolig AS ynskjer å oppføra 3-mannsbustaden på, ligg i det gamle bustadfeltet Vågsmarka II, like ovanfor gangveg, riksveg og Svevågen.

#### Naboklager

Feltet er regulert for einebu-

stader. Det trengst difor dispensasjon frå reguleringsplanen for å kunna byggja ein 3-mannsbustad.

I oktober i fjor vedtok politikarane i landbruk/teknisk å gje dispensasjon frå planen. Fleire av naboane klaga på vedtaket, og klagen vart handsame i november i fjor. Men politikarane tok ikkje omsyn til klagane frå naboane.

Fylkesmannen stoppa derimot saka då han i januar i år oppheva Tysnes kommune sitt vedtak. Dermed måtte saka

opp ei endå ei ny hansaming.

Fylkesmannen si grunngjeving for å oppheva vedtaket var at utvalsleiar Magnar Solheim var ugild då han var med på handsaminga av saka i oktober.

#### Sa seg ugild

Då saka på ny kom opp att i sist møte, sa utvalsleiar Solheim seg ugild. Nestleiar i utvalet, Egil Berge, styrde saka.

Øystein Dalland (Ap) stilte spørsmål om han var ugild, sidan han har ein onkel og eit

søskenbarn som har klaga. Dalland meinte sjølv at han ikkje var ugild. Utvalet vedtok samråystes at Dalland ikkje var ugild.

Etter ei prøverøysting der Dalland røysta mot, vedtok utvalet å gje dispensasjon slik at Tysnes Bolig får løye til å oppføra den planlagde 3-mannsbustaden som dei har søkt om.

#### Debatt om trafikktryggleik

I kjølvatnet av det positive vedtaket om byggjeløyve, følg-

# Eigedommar



TYSNES BOLIG: – Skal folk flytta til Tysnes, må dei også ha ein plass å bu, seier Trond Tvedt. Her sit han framføre firemannsbustaden som Tysnes Bolig bygger på Kattaland.

bygd mange einebustader på Tysnes. Det å bygga einebustad har i våre dagar vorte svært dyrt, og det er ikkje alle som korkje har råd eller lyst på einebustad.

#### Ha ein låg inngangsbillett

– Tanken er at viss me held inngangsbilletten til eigedommarknaden på Tysnes låg, så vil fleire folk

verta freista til å prøva å bu her. Då vil dei gjerne gå vidare og kjøpa seg større bustad seinare på Tysnes, fortel han.

Dei rimelegaste husværa som Tysnes Bolig har planar om å byggja på Kattaland, har ein startpris på under halvannan million kroner.

– Det er vanskeleg å finna noko på leigemark-

naden på Tysnes, så difor er det svært viktig å ha husvære som er såpass rimelege at også ungdom har råd til å kjøpa seg inn, seier Trond Tvedt.

KJARTAN T. MELHEIM

kjartan@tysnesbladet.no

de det ein lang debatt om trafikktryggleik.

Dei to utvalsmedlemene Arve Belt (V) og Øystein Dalland (Ap) kom med ei rekke innspel i saka for å sikra mjuke trafikkantlar på den eksisterande gang- og sykkelvegen. Gang- og sykkelvegen vert nemleg tilkomstveg for husværa i 3-mannsbustaden.

– Eg har sett meg irritert på at gangfelt andre stader i bygda blir brukt

til parkering heile dagar. Me kan ikkje godta at det blir ståande bilar parkert i vegen, sa Dalland.

Utvalet tok innspelet til etterretning, og sette krav om at talet på gjesteparkeringsplassar vert auke til fire.

#### Trygt for skuleborn

Både Belt og Dalland var opptekne av at gang- og sykkelvegen ikkje vert avsperra i byggelperioden, med anleggstrafikk

på gang- og sykkelvegen. Det fekk dei full støtte for i utvalet.

– Det vert ikkje akseptert sperring av gang- og sykkelvegen i anleggsperioden, slo fungerande utvalslieiar Egil Berge fast.

I vedtaket heiter det at det må vera trygt for mjuke trafikkantlar å passera i byggje- og anleggsperioden.

OLE SKATEN

ole@tysnesbladet.no

## Ja til å dela frå naust

Tor Lind får løyve til å dela frå naust og nausttomt på gnr. 36, bnr. 30 på Færavåg.

Det vedtok politikarane i landbruk/teknisk i sist møte. Saka var opp til andre gongs handsaming.

Søknaden vart godkjent på vilkår av at parsellen vert sikra tinglyst vegrett fram til offentleg og at parsellen vert sikra minimum ein biloppstillingsplass utanfor offentleg veg.

## Omsetning av eigedomar i Tysnes

Gnr 94, bnr 362 er sold for kr 267.206 frå Tysnes kommune til Heidi Catherine Lande og Kent-Ove Rosvold (29.03.2012).

Gnr 120, bnr 31 er overdrege frå Eli Prestnes til Solveig Prestnes Rørvik, Merete Prestnes, Inger Lill Prestnes Ersland og Janne Prestnes (29.03.2012).

Gnr 91, bnr 12 er overdrege frå Aslaug Berge til Trygve Berge (02.04.2012).

Gnr 36, bnr 6 er sold for kr 1.400.000 frå Dermott Anna Elisabeth Christine Mc til Stig Ole Madsen (02.04.2012).

Gnr 124, bnr 1 er overdrege frå Magne Olav Frekhaug til Inger Margrethe Frekhaug og Svein Arne Frekhaug (03.04.2012). Overdragninga omfattar også gnr 124, bnr 2.

Gnr 77, bnr 25 er sold for kr 1.575.000 frå Marit Lovise Vernøy Stamnes til Mona Vestnes Olafsen og Willy Olafsen (11.04.2012).

Gnr 113, bnr 122 er sold for kr 400.000 frå Tore Lunde til Marius Erdal (11.04.2012).

Gnr 51, bnr 7 er overdrege frå Aasmund Knutsen til Roger Knutsen (11.04.2012).

Gnr 156, bnr 17 er overdrege frå Vivian Skaten Nesse og Joakim Skaten Nesse til Egil Skaten (18.04.2012).

Gnr 90, bnr 59 er overdrege frå Arne Vee til Bente Vee (24.04.2012).

Gnr 100, bnr 29 er overdrege for kr 1.000.000 frå Dagny Godø til Ørjan Godø (24.04.2012). Overdragninga omfattar også gnr 100, bnr 30.

**Ukens BRUKTBILER**  
FYLKESNES BIL

**B-KLASSE**

2007 Mercedes-Benz B-Klasse B180CDI 85.000km 109hk Diesel Automat	kr 249.900,-
2006 Mercedes-Benz B-Klasse B180CDI 50.000km 109hk Diesel Automat	kr 229.900,-
2006 Mercedes-Benz B-Klasse B150 55.000km 95hk Bensin Manuell	kr 179.900,-

**C-KLASSE**

2008 Mercedes-Benz C-Klasse C220CDi Avantgarde AMG 74.500km 170hk Diesel Automat	kr 379.900,-
2008 Mercedes-Benz C-Klasse C200T Cdi Avantgarde 68.000km 136hk Diesel Automat	kr 346.900,-
2006 Mercedes-Benz C-Klasse 180Kompressor+ 71.000km 143hk Bensin Automat	kr 199.900,-

**Se flere tilbud på [www.fylkesnesbil.no](http://www.fylkesnesbil.no)**

**FYLKESNES BIL**

Heiane 31, 5412 Stord - Tel. 53 40 40 40 - [www.fylkesnesbil.no](http://www.fylkesnesbil.no)